



**MØTEBOK**  
**HARDANGER UNGDOMSRÅD**

Torsdag 21.02.2019  
Bygdehuset, Granvin  
10.00 – 14.00

**Til stades:**

Ulvik herad:	Ungdomsrådsleiar Bjørk Thorbjørnsen
Granvin herad:	Ungdomsrådsleiar Marte Kristoffersen
Odda kommune:	Ungdomsrådsleiar Vincent Gabriel Kollbotn
Jondal kommune:	Ungdomsrådsleiar Tiril Eiken

**Ikkje tilstades**

Kvam herad:	Ungdomsrådsnestleiar Elias Selvik Undal
Eidfjord kommune:	Ungdomsrådsleiar Emilie Vivelv Tveit
Ullensvang herad:	Ungdomsrådsleiar Elin Sneeggen

**Andre:**

Granvin herad	Eivind L. Djønne
Ulvik herad	Knut-Erik Gissel
Hardangerrådet	Trude Lægneid Rinaldo

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

**HU-sak 08/19                    Saker melde inn ved møtestart**

Hardangerkonferansen inviterar HU til å ta opp aktuelle saker for Ungdom i Hardanger. Dei er invitert til å halda innlegg på konferansen sin 2. dag, 14.11.19.

Kvam herad herad har vore i kontakt med Forandringsfabrikken.

Kvam informerar om VEKA OPP

**HU-sak 09/19                    Hardanger Ungdomsting 2019 : status, førebu, fordela oppgåver,**

Hardanger Ungdomsting 2019 skal ha psykisk helse som raud trå.

Tone Kristoffersen, spesialsjukepleiar (Mor til Marte) kan koma og vera med på Hardanger Ungdomsting 09.04.2019.

HU ønskjer temaet belyst utifrå FØREBYGGANDE - UTFORDRINGAR -LØYSINGAR  
Mange ungdommar kjenner seg einsame. Einsemd er vanskeleg. Mykje vondt startar med utanforskap og det å vera aleine. Kva kan me gjera ? Korleis arbeida med å vera inkluderande

**DATO: Endra dato til 09.04.2019**

BLI-KJENT LEIKAR: Marte og Bjørk ansvar. Vil ha Påstandsleik og CUP med stolleiken

Forslag Tittel: *Ekspert i eige liv!*

Har de andre forslag til tittel må de senda inn det til meg snarast.

## **Program:**

09.00-09.15: Introduksjon ved Hardanger Ungdomsråd/ Ambulansesak

09.15-10.15: Bli kjent leikar: stolleiken/ Påstandsleiken

10.15-10.45: Tone Kristoffersen :Førebygging med tid til spørsmål

10.45-11.30: Lunsj

11.30-13.30: Forandringsfabrikken:

**Dette vil me spørja Forandringsfabrikken om:**

**Kva moglegheiter har dei?**

**Ungdom, psykisk helse. Granvin tek ansvar ilag med Kvam**

**Prosess:Ber dei om å laga eit føredrag der der ein legg opp til drøfting og tilbakemelding frå ungdomane.**

13.30-13.45: Pause

13.45-14.15: Dialog med Ordførarane om psykisk helse

**Konkrete krav frå ungdom til ordførarane om kva dei kan gjera.**

**Spørsmål begge vegar. Korleis få det til?**

**Jobb: Alle jobba med i sine råd, og ha konkrete forslag med på neste møte.**

14.15 Slutt

### **HU-sak 10/19**

### **Samarbeid med andre regionale ungdomsråd - oppdatering**

Sekretær har teke kontakt med UFU som diskuterar det.

Sekretær har sendt ut brev med informasjon om vårt arbeid til alle ungdomsråda i nye Vestland fylke. Har fått mange positive svar, og dei vil ta opp saka i sine råd.

### **HU-sak 11/19**

### **“Letta på trykket” - temadag for ungdom i Hardanger hausten 2019 Kari informera om sitt arbeid**

Denne saka vart det berre informert om arbeid som er gjort. Alle er for.

Sjå vedlegg frå Kvam.

## **HU-sak 13/19            Gjennomgang saker melde ved møtestart**

- **Invitasjon til å halda innlegg på Hardangerkonferansen**

### **Vedtak:**

HU seier ja og tek utfordringa. Dei vil halda innlegget sjølve.

Alle tek drøftar i eige råd om kva som skal vera tema.

HU takkar for invitasjonen! HU syns det er viktig at dei får koma på slike dagar, at dei vert sett og høyrte. Meinar at dei eigentleg burde vore invitert for lenge sidan.

- **Kvam herad herad har vore i kontakt med Forandringsfabrikken.**

Drøfta under HU-sak 09/19 Program

- **Kvam informerar om VEKA OPP og forslag til felles arrangement med Hardanger Ungdomsråd.**

Til informasjon. Sjå vedlegg under.

## **HU-sak 14/19            Informasjon om arbeid frå den einkilde**

### **kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.**

Jondal: Leiar er vald for to år. Har ikkje møter, og nytt råd vert ikkje valgt før ny kommune er på plass.

Odda: Arrangerar LAN. Arbeider for at ungdom frå Røldal skal få "Trygt heim"

Ulvik: Arrangerar LAN

Granvin: Gler seg til å få Kongelegbesøk.

## **Neste HU-møte: Torsdag 28. mars 2019 i Eidfjord**

Referat: Trude Lægreid Rinaldo, Sekretær Hardanger Ungdomsråd